



---

**Utval:** Eidfjord Fjellstyre  
**Møtestad:** Kommunehuset  
**Møtedato:** 30.01.2008  
**Tidspunkt:** 18:00 - 20.30.                      **Saksnr:** 001/08 – 011/08

---

---

**Følgjande medlemmer møtte ikkje:**

Vidar Riber  
Anne Myklatun

---

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

Ingen møtte for Vidar Riber  
Aslak Myrvang

---

**Følgjande frå administrasjonen møtte:**

Sekretær Gunnar Elnan  
Andre: Georg Gjøstein

---

Merknader til innkalling:  
Godkjent.

Underskrifter:

Me stadfestar med våre underskrifter at møteboka er ført i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Eidfjord, 30.01.2008

Liv Myklatun  
medlem

Samson Hamre  
medlem

## **SAKLISTE**

<b>Sak nr.</b>	<b>Saktittel</b>
001/08	Rutinar for styremøte
002/08	Budsjett 2008
003/08	Oppretting av hyttestyre
004/08	Avtale om bruk av fjellstyrehytte på Gamla Sandhaug
005/08	Rutinar for tildeling av fellingsløyve for villrein
006/08	Val av representant til villreinutvalet
007/08	Fornyng av avtale med Ullensvang fjellstyre for fiske sør for midtlina i Nordmannslågen vassdraget
008/08	Uttak av gytefisk/rogn frå Tinnhølen
009/08	Søknad om beite på Eidfjord statsallmenning
010/08	Sal av sementblander og påhengsmotor
011/08	Byggesak- ny hytte i Hellehalsen - uttale

## 001/08: Rutinar for styremøte

### Sakshandsamar sitt framlegg til vedtak:

Fjellstyremøta vert opne for tilhøyrarar. Møtet vert lukka ved handsaming av saker som er unnateke offentlegheita.

30.01.2008 Eidfjord Fjellstyre

### Handsaming:

#### Røysting:

Samrøystes vedteke som framlegg.

### EFS-001/08 Vedtak:

Fjellstyremøta vert opne for tilhøyrarar. Møtet vert lukka ved handsaming av saker som er unnateke offentlegheita.

## 002/08: Budsjett 2008

### Sakshandsamar sitt framlegg til vedtak:

Følgjande kostnadsrammer vert fastsett for driftsbudsjettet:

Tekst	framlegg 2008
Hardangervidda fjelloppsyn as inkl. SfH	Kr 169 000.-
Drift av fjellstyret inkl. hyttestyret	Kr 388 800.-

Retningsliner for timebruk av Eidfjord fjellstyre si del av Hardangervidda fjelloppsyn sitt driftsbudsjett:

År	Oppsyn, villrein	Oppsyn, småvilt	Oppsyn, fiske	Skjøtsel, fiske	Skjøtsel, hytter	Skjøtsel, transport	Helikopter
2008	20%	20%	20%	20%	10%	10%	Kr 10 000

30.01.2008 Eidfjord Fjellstyre

### Handsaming:

#### Røysting:

Samrøystes vedteke som framlegg.

**EFS-002/08 Vedtak:**

Følgjande kostnadsrammer vert fastsett for driftsbudsjettet:

Tekst	framlegg 2008
Hardangervidda fjelloppsyn as inkl. SfH	Kr 169 000.-
Drift av fjellstyret inkl. hyttestyret	Kr 388 800.-

Retningslinjer for timebruk av Eidfjord fjellstyre si del av Hardangervidda fjelloppsyn sitt driftsbudsjett:

År	Oppsyn, villrein	Oppsyn, småvilt	Oppsyn, fiske	Skjøtsel, fiske	Skjøtsel, hytter	Skjøtsel, transport	Helikopter
2008	20%	20%	20%	20%	10%	10%	Kr 10 000

**003/08: Oppretting av hyttestyre****Sakshandsamar sitt framlegg til vedtak:**

Det vert oppretta hyttestyre i tråd med vedtekne reglar for hyttestyret. Som medlemmer vert valt:

- 1: .....
- 2: .....
- 3: .....

**30.01.2008 Eidfjord Fjellstyre**

**Handsaming:**

Det vart sett fram slikt framlegg til personar i hyttestyre:

Lars Kristian Eidnes  
Arne O Bu  
Anders Vaksdal

Røysting:  
Samrøystes vedteke.

**EFS-003/08 Vedtak:**

Det vert oppretta hyttestyre i tråd med vedtekne reglar for hyttestyret. Som medlemmer vert valt:

- 1: Lars Kristian Eidnes
- 2: Arne O Bu
- 3: Anders Vaksdal

**004/08: Avtale om bruk av fjellstyrehytte på Gamla Sandhaug****Tillegg innstilling:**

Hardangervidda fjelloppsyn disponerer det eine rommet med to enkle køyer og kan låsa dette av med eigen nøkkel. Fjellstyret skal disponera ein nøkkel til rommet som kan leigast ut etter avtale med Hardangervidda fjelloppsyn.

### **30.01.2008 Eidfjord Fjellstyre**

#### **Handsaming:**

Det vart sett fram slikt tillegg til vedtak:  
Ordninga skal evaluerast etter 2 år.

Røysting:  
Samrøystes vedteke med tillegg.

#### **EFS-004/08 Vedtak:**

Hardangervidda fjelloppsyn disponerer det eine rommet med to enkle køyer og kan låsa dette av med eigen nøkkel. Fjellstyret skal disponera ein nøkkel til rommet som kan leigast ut etter avtale med Hardangervidda fjelloppsyn.  
Ordninga skal evaluerast etter 2 år.

### **005/08: Rutinar for tildeling av fellingsløyve for villrein**

#### **Sakshandsamar sitt framlegg til vedtak:**

Fjellstyret held fast ved 2. mai som søknadsfrist. Søknader etter denne fristen vert avvist og er ikkje med i trekkinga.  
Fjellstyret informerer om kravet til å levera inn fellingsløyve etter endt jakt. Det vert ikkje oppretta depositumordning. Gjengangarar vert kontakta spesielt med brev og eventuell personleg kontakt.

### **30.01.2008 Eidfjord Fjellstyre**

#### **Handsaming:**

Røysting:  
Samrøystes vedteke som framlegg.

#### **EFS-005/08 Vedtak:**

Fjellstyret held fast ved 2. mai som søknadsfrist. Søknader etter denne fristen vert avvist og er ikkje med i trekkinga.

Fjellstyret informerer om kravet til å levera inn fellingsløyve etter endt jakt. Det vert ikkje oppretta depositumordning. Gjengangarar vert kontakta spesielt med brev og eventuell personleg kontakt.

## **006/08: Val av representant til villreinutvalet**

### **Sakshandsamar sitt framlegg til vedtak:**

Som representant frå Eidfjord fjellstyre til Hardangervidda villreinutval vert valt;.....

### **30.01.2008 Eidfjord Fjellstyre**

#### **Handsaming:**

Som representant frå Eidfjord fjellstyre til Hardangervidda villreinutval vert valt; Anders Vaksdal

Røysting:  
Samrøystes vedteke.

#### **EFS-006/08 Vedtak:**

Som representant frå Eidfjord fjellstyre til Hardangervidda villreinutval vert valt; Anders Vaksdal.

## **007/08: Fornying av avtale med Ullensvang fjellstyre for fiske sør for midtlina i Nordmannslågen vassdraget**

### **Tillegg innstilling:**

Avtala med Ullensvang fjellstyre om fiske sør for midtlina i Nordmannslågen vassdraget vert vidareført. Fjellstyret vel sjølv når avtala skal evaluerast.

### **30.01.2008 Eidfjord Fjellstyre**

#### **Handsaming:**

Røysting:  
Samrøystes som framlegg til vedtak.

#### **EFS-007/08 Vedtak:**

Avtala med Ullensvang fjellstyre om fiske sør for midtlina i Nordmannslågen vassdraget vert vidareført. Fjellstyret vel sjølv når avtala skal evaluerast.

## **008/08: Uttak av gytefisk/rogn frå Tinnhølen**

### **Sakshandsamar sitt framlegg til vedtak:**

Det vert å inngå avtale med Statkraft som vedlagt med tillegg om prisregulering i takt med utsalsprisen på einsomrig setjefisk.

**30.01.2008 Eidfjord Fjellstyre**

### **Handsaming:**

Røysting:

Samrøystes som framlegg til vedtak.

### **EFS-008/08 Vedtak:**

Det vert å inngå avtale med Statkraft som vedlagt med tillegg om prisregulering i takt med utsalsprisen på einsomrig setjefisk.

## **009/08: Søknad om beite på Eidfjord statsallmenning**

### **Sakshandsamar sitt framlegg til vedtak:**

Beiteleiga vert sett til kr 19.- per slept sau. Beiteleiga vert indeksregulert kvart år etter konsumprisindeksen.

**30.01.2008 Eidfjord Fjellstyre**

### **Handsaming:**

Det vart sett fram slikt framlegg til vedtak:

Beiteleiga vert sett til kr 23.00 per slept sau.

Røysting:

Samrøystes vedteke med endring.

### **EFS-009/08 Vedtak:**

Beiteleiga vert sett til kr 23.00 per slept sau.

## **010/08: Sal av sementblandar og påhengsmotor**

### **Tillegg innstilling:**

Sementblandarane vert selt for kr ... pr stk

Påhengsmotoren vert selt til høgstbydande over kr 2000,-

**30.01.2008 Eidfjord Fjellstyre**

**Handsaming:**

Det vart sett fram slikt framlegg til vedtak:

Sementblanderane vert selt for kr 5.000.- per stk

Påhengsmotoren vert selt til høgstbydande over kr 2000,-

Røysting:

Samrøystes vedteke.

**EFS-010/08 Vedtak:**

Sementblanderane vert selt for kr 5.000.- per stk

Påhengsmotoren vert selt til høgstbydande over kr 2000,-

**011/08: Byggesak- ny hytte i Hellehalsen - uttale**

**Sakshandsamar sitt framlegg til uttale:**

Fjellstyret er positiv til at jakt/fiskebuene i fjellet vert helde ved like/renovert. Denne saka krev ei nærare konkret vurdering med ei synfaring på staden for å ta stilling til plassering, storleik og bygningstype.

**30.01.2008 Eidfjord Fjellstyre**

**Handsaming:**

Røysting:

Samrøystes uttale.

**EFS-011/08 Uttale:**

Fjellstyret er positiv til at jakt/fiskebuene i fjellet vert helde ved like/renovert. Denne saka krev ei nærare konkret vurdering med ei synfaring på staden for å ta stilling til plassering, storleik og bygningstype.



